

BYGDEBOKNEMNDA FOR LINDÅS SOKN - ÅRSMELDING 2014

Det meste av arbeidet har også i år vore konsentrert om å få system på bilet samlinga. Alle biletene, også dei som ikkje er brukte i boka, er no registrerte på gards- og bruksnr. i ein database. Dette gjer det svært enkelt å finna aktuelle biletet når nokon spør etter slike. I tillegg er det lagt inn ein del søkjeord, som t.d. kyrkje, skule, arbeid, fritid m.m., og me har så smått teke til å prøva ut bruken av desse. Målet er å kunna skaffa fram biletkopiar til dei som ønskjer det, og kunna ta i mot fleire eldre biletene, skanna dei og få lagt dei inn i databasen. Me har kome så langt at me har hatt nokre oppdrag, der me har funne fram kopiar etter det nye systemet. Jarle Fanebust og Bjarte Brundtland har vore svært viktige for at dette arbeidet skal kunna lukkast..

Ny opptakar til bruk ved intervju er kjøpt inn, og Hans Jakob og Sigbjørn har intervjuet Odd Johnsen og Reidar Haukås.

Me har delteke på "Verdas lengste sjømatbord", pluss eitt arrangement i senteret i haust. I tillegg har me hatt stand i senteret i vekene før jul der me selde boka til Karstein Stene og bygdebökene.

Nemnda hadde årsmøte 11. 03. 2014, elles har me hatt 1 nemndmøte. Det har vore mykje kontakt på telefon og e-post når det har vore nødvendig.

Økonomisk stode . Ved utgangen av 2014 er gjelda på 20 000 kr til Bygdebok for Myking Sokn betalt, og me er gjeldfrie. Boklageret er på om lag 1 460 eksemplar, og i bank og kasse har me 18 000 kr. Ein del av kontorutstyret treng å fornyast, m.a. treng me ny kopimaskin, og med auka aktivitet må me rekna med større kontorutgifter. Boksalet har truleg stabilisert seg, og på møtet i haust vedtok me å setja prisene ned til 500 kr bandet, slik at me ligg likt med dei andre, kommunefinansierte bygdebökene rundt oss. Ved å skaffa kopiar av eldre biletene, kan me kanskje få inn ein del pengar, men arbeidet vil nok i første omgang, krevja nye investeringar

Sal av bygdebøker har gitt 16 414 kr. Tilskot frå kommunen til drifta var 4 000 kr, og bygdelaget sitt tilskot til husleiga har vore 3 000 kr. Samla utgifter til drifta har vore om lag 18 000 kr, av det er husleige og senteravgift vel 9 700 kr. Boka til Karstein har blitt godt motteken, og er så godt som utseld, men det endelege resultatet er ikkje heilt klart enno. Det er lagt ned mykje arbeid frå Karstein og Eilif Stene i boka, og dette må koma med i rekneskapen.

Den store utfordringa vår framover er å gjera det verdfulle materialet me set på, både biletene, intervju, notat og anna arkivstoff tilgjengeleg for andre. Her er mykje å ta fat på! Det er ikkje å leggja skjul på at det store løftet med å få i stand bygdebökene, har tæra på for dei som stod midt oppe i det. Difor håpar me at nye, friske folk vil meldt til innsats.

Takk også i år til Hundvin Handel og Molly Me som har bidrige med sal og utstilling av bøker.

Gjertrud Fanebust
Leiar

Irene Iversen
Nestleiar

Reidar Haukås
Styremedlem

Audun Fanebust
Styremedlem

Hans J.Låstad Lygre
Styremedlem

Sigbjørn Tenjum
Styremedlem

Karstein Stene
Styremedlem

Ove Jan Paulsen
Styremedlem

Kjell Hauge
Kasserar